

# Lågmælt katastrofe

TITTEL: *ETT SEKUND OM GANGEN*  
 FORFATTAR: SOFIA NORDIN  
 OMSETTAR: LENE STOKSETH  
 FORLAG: MANGSCHOU 2014  
 SIDEANTALL: 214

Sofia Nordins post-apokalyptiske *Ett sekund om gangen* er ei intens skildring av ein trettenåring heilt aleine i verda. Nordin framstiller hovudpersonen svært truverdig og kjenslevart, resultatet er ei bok som både kviskrar og skrik.

## Aleine i verda

Ein kraftig feber har tatt livet av familien til Hedvig, og ingen svarar når ho ringer naudnummeret. Etter kvart forsvinn summetonen i telefonen, så går straumen. Me møter ho fyrste gong idet ho flyktar ned trappene, fordi ho ikkje orkar å vere heime, der heile familien hennar ligg daud. Ho drar til skulen, finn utstyr til å klare seg ute i skogen ei stund. Den største frykta er å sjå daude menneske, men ho er også redd for å møte nokon som framleis er i live.

Denne frykta fører henne til ein gard berekna på skulebesøk, det er ingen som bur der fast. Forhåpentlegvis var ingen der den kvelden alle døydde heller. Hedvig er ei lita flis av ein trettenåring, ho har ikkje særskilt høge tankar om seg sjølv, men ho forstår at ho blir nøydd til å ta seg av dyra på garden, sjølv om det er hardt arbeid. Ho finn bøker på garden som forklarar ho alt ho treng å vite om mjølking, stell av kyr og hestar, og korleis ein kan dyrke jorda. Ho går opp i arbeidet for å sleppe tankane på kva som har skjedd og kva som vil skje vidare, ho fokuserer på noet med all den styrka ho kan samle. Tittelen spelar på nettopp dette – viss ho klarer å leve eitt sekund om gangen, kan ho sleppe å hugse, og berre overleve.

Det er ei midlertidig løysing. Veslebrorens siste ord «Nei, bli» heng ved ho som det uuttalte dårlege samvitet. Ho klarte jo ikkje å redde familien. Ho bebreidar seg sjølv for å vere for treig, ikkje rekke å komme med kaldt vatn og hovudpinetablettar raskt nok. Hedvig høyrer brorens ord, men ho nektar å gå lenger enn dit i tankane. Det blir klart at ho lar vere å arbeide med saknet, og ein mogleg biverknad av fortrenginga lurar i bakgrunnen. Ho skaper seg eit tilvære ho kan klare, men får ikkje behalde det allfor lenge, før det skjer ting som gjer at ho må revurdere levemåten og haldninga si.

## Fortrenging av minne

Det er tankane til Hedvig, snarare enn det ho gjer som driv handlinga framover. Tankane hennar er i hovudsak sterkt forankra i dei små tinga ho tar seg til, som eit forsvar mot minna ho ikkje ønsker å tenke på. Ho har òg

ei evne til refleksjon over den nye røynda som rører meg, utan at det kjennest påttatt eller usannsynleg at refleksjonane kjem frå ei jente på tretten år. Scenen der ho set seg på plassen sin i klasserommet med namneskiltet sitt, og prøver å definere dette nye tilværet, er eit godt døme på korleis Nordin skriv poetiske og kjenslevare refleksjonar i Hedvigs språk:

Nå har vel navnet mitt blitt meningsløst. «Hedvig» betyr ingenting lenger [...]. «Hedvig», sier jeg. Selv om jeg prøver å si det høyt, hvisker jeg det bare. Stemmen er hes fordi jeg ikke har brukt den på en stund. Jeg kremter. «Hedvig, Hedvig, Hedvig.» Stemmen er klarere nå, men hvem er Hedvig? Hun er bare bokstaver og lyd. Hva skal jeg med et navn når det bare er meg igjen?

Stemmen hennar er rusten, som ein konsekvens av at ho ikkje har nokon å snakke med, og namnet hennar er ubrukeleg fordi ho er aleine. Men sjølv om ho tenker på namnet som ubrukeleg, har ho framleis eit behov for å definere seg sjølv. I tillegg til dei naudsynte tinga ho tar med seg frå skulen, tar ho med seg namneskiltet og kaffikoppen til mora, som var lærar der. Namneskiltet blir eit symbol på at ho framleis finst, og at ho framleis er *Hedvig*, sjølv om ingen andre er der og kan seie at ho er det. Kaffikoppen står for saknet etter familien. Han vert gøymd under senga på garden, slik Hedvig gøymmer dette saknet for seg sjølv.

## Stillheita

*Ett sekund om gangen* er ei stillfaren bok. Hedvig flyktar, finn ein tilhaldsstad, og bygger eit tilvære for seg sjølv på garden. Samstundes er det ei bok som ropar. Det ligg så mykje usagt, ting Hedvig ikkje vil tenke på, men som ligg høglydt og samstundes stille i teksten.

Saknet etter familien, og særskild veslebroren Ludvig. Angsten for å møte andre menneske, anten daude eller levande. Dei såre skildringane av bestevenninna Lydia, ho som var så flink i alt, og som forsterka Hedvig sitt dårlege sjølvbilete. Lengta etter alt ho aldri har fått oppleve, og som ho no trur ho aldri

vil få sjansen til å oppleve. Som å kysse ein gut. Ha sex. Ho får menstruasjon for fyrste gong medan ho bur på garden, og klarer ikkje å tenke anna enn at det er bortkasta, ho vil jo aldri få moglegheita til å bli mor uansett. Alle desse tinga roper mot lesaren, og gjer *Ett sekund om gangen* til ei intens lesaroppleving. Hedvig er òg forundra over stillheita: «Hvordan kan alt være så stille? Ting burde brenne, eksplodere og smelle. Stemmer burde skrike. Katastrofer er ikke stumme». Stillheita som vert skildra i boka kjennest som ei total, øyredøvyvande stille.

#### Ei omsetting med blick for detaljar

*En sekund i taget* ble nominert til Nordisk råds litteraturpris for barne- og ungdomslitteratur i 2014. Lene Stokseths omsetting til norsk, *Ett sekund om gangen*, vart nominert til Kulturdepartementets pris for omsett barne- og ungdomslitteratur. Grunnen var at omsettinga «ivaretar det intense drivet i en fortelling som ikke er preget av mye ytre handling». Resten av forklaringa handlar ikkje om omsettinga, men om at det er ei god bok. Ein skulle kanskje ønske at dei ville gje eit meir utførleg motiv for kvifor boka vart nominert. Men denne boka er så spesiell, at det er nett det «intense drivet» i Hedvig si forteljing som er boka. Og samstundes er dette omsettarens største utfordring å formidle i norsk språkdrakt.

Hedvig fyller si historie med plutselige innfall, ærlege og ofte morosame observasjonar. Dei vert særskild kjenneteikna av korte setningar, og ein viss ironisk distanse til det heile: «Det er det samme for sauene om det er jeg eller noen andre som kommer med mat og vann. Dustesauer». Ho er sårbar, men passar seg for å bli for nostalgisk. Ho brukar humoren for å gjere seg hardare, meir motstandsdyktig dersom noko vil gå galt igjen. Stokseth gjer alt riktig, og teksten kjennest overtydande på norsk. Ho er var for dei små detaljane som gjer Hedvig sitt direkte språk truverdig. Som

at det er meir naturleg å kalle naudnummeret i Noreg for nettopp naudnummeret, og ikkje 113 (i den svenske originalteksten ringer Hedvig 112).

Hedvig undrar fleire gonger på om ho er i ferd med å bli galen. Nokre gonger fordi ho gjer og tenker annleis enn ho pleier, andre gonger fordi ho tenker og gjer presis som ho pleidde før: «Har det klikket for meg? Det spiller vel ingen rolle om jeg har ketsjup?» Det blir gale uansett, og er med på å forsterke behovet ho har for å fortape seg i augneblinkane, i sekunda. Her meiner eg òg at Stokseth har gjort eit godt val, i nett det å ikkje la Hedvig bruke ordet galen, men uttrykket «Har det klikket for meg?», som ligg nærare den direkte og munnlege stilen som kjenneteiknar stemma til Hedvig.

Namna får derimot stå som dei er på original-språket: katten Kringlan og hesten Kakan. Dei svenskkljande namna kan kanskje verke på nokre som eit forstyrrende element, då dei er det einaste sporet av svensk ein finn i teksten. Miljøet handlinga er lagt til, liknar til forveksling det norske, av heilt naturlege årsaker. Gardsbesøk, hestar og kyr – det kjennest jo typisk norsk! Kanskje kunne namna Kringlan og Kakan rett og slett vore norsk dialekt? Uansett står praksisen med å omsette namn mykje sterkare i barnelitteratur enn ungdomslitteratur. I *Brødrene Løvehjerte* finn me til dømes kallenamnet Skorpan omsett til det meir norske Kavring. Stian Hole sin bildeboktrilogi om Garman har på svensk blitt Herman.

Juryen til Kulturdepartementet spådde serien klassikarstatus – ein modig spådom på bakgrunn av berre den eine boka. Men eg er nøydd til å seie meg heilt einig, for Nordin sitt bidrag til dystopi- og post-apokalypsetrenden er originalt og kjærkomme, og eg veit at mange med meg gleder seg til neste bok.

